

Trelavvo skal reisast på Skårhaug

06.05.2011



Lavvoen på Skårhaug har ein dramatisk historie bak seg. Han vart lagt flat av orkankast i januar 2007 og då den nye var på plass vart dette biletet teke

**Uskedalen Barnehage jobbar no med å få sett opp ein trelavvo  
på Skårhaug og styrar Marianne Lyngnes Bjørnebøle har invitert  
lag og organisasjonar i bygda til eit møte om prosjektet**

**tysdag klokka 18.****Dei ynskjer å setta opp lavvoen der stofflavvoen stod tidlegare.**

- Dette kan bli eit positivt tiltak for heile bygda og difor ynskjer vi eit samarbeid, seier styraren.

Ho peikar på at det er verhardt på Skårhaug og at stofflavvoar har avgrensa levetid i vårt klima. Difor bør det setjast opp ein trelavvo som også kan brukast av familiar og andre på ettermiddagar og i helger.

AFA har laga eit tilbod på bygging og Kim Raudstein, far til barn i barnehagen, har laga avtale med Lio Sag og Kvinnherad Bygg om gratis levering av hun og reisverk, Med andre ord er dei allereie på god tur med prosjektet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Etter dei øydeleggjande vindkasta i 2007 var dette situasjonen på Skårhaug.